

Styremøte i Vats grendelag, mandag 19/2-18

Stad: Hos Tor Olav Gregersen

Frammøtt:

Tor Olav Gregersen, Jone Døvik, Monica Nesheim, Magne Hansen Stokland, Christine Sandvik.

Styret gjekk gjennom følgande saker:

1. **Gjennomgang av referatet** frå sist styremøte (10.01.18)
2. **Førebuing av presentasjon** av Vats grendelag til Vindafjord Kommune sitt Kick Off for grendelag torsdag 22/2-18. Tor Olav og Christine møter på Kick Off. Kva er Vats gode på? Korleis ynskjer me å videreutvikle bygda og det me er gode på? Grendelaget ynskjer blant anna å leggje vekt på friluftslivet i Vats. Me har gode turstiar og godt merka løyper. I samband med dette fremmar grendelaget eit ynskje/forslag om ein kombinert tursti/gangsti frå Knaphus til Kårhus som går langs Vatsvatnet. Per i dag har Vats to «sentrum», Knaphus og området rundt Vindafjordhallen. Gjennom ein slik tursti/gangsti vil ein kunne knyte desse to sentruma saman, og bygda vil bli meir sentralisert. Samtidig vil mange born og unge få mykje fleire moglegheiter til å komme seg rundt på eige hand. I tillegg føreslår grendelaget ein Tufteparks (eit ute treningsområde/turnområde), badeplass på Stokka med betre parkering og sanitær anlegg. Lys på gangstien frå bedehuset i Øvre Vats til Aurdalskrysset står høgt på ønskelista til grendelaget, og me meiner det er eit stort behov for dette. Vidare ynskjer grendelaget å få fram dei gode moglegheitene som fins for fiske i blant anna Vatsvatnet. Kunne det vore ein idé å fått to robåtar som låg fast ved Vatsvatnet (med tilhøyrande redningsvestar) som var til allmenn bruk? Vats har dette tilbodet i Stokkadalen der Vindafjord Jeger og Fisk har laga til grillhytte med overnattingsmoglegheiter, fiskestenger og kanoar som er til utlån til alle.
3. **Vurdering/endring av søknader** til tiltak som framleis er aktive i grendelaget. Tor Olav har skrive utkast til søknader som gjeld følgjande:
 - Vikepliktsskilt frå Sørbøvegen/Eidevegen og frå Åmsvegen og inn på Stokkastrandvegen. Eventuelt omregulere Åmsvegen til forkjørsveg. Dette for å unngå unødvendige uhell og misforståingar om kvar høyre

regel gjeld og kvar det er forkjørsveg. Grendelaget ynskjer og å omregulere Blikravegen til ein forkjørsveg.

- Belysning langs heile gangstien på E 134. Det er ein aukande trafikk, det er mykje hjort som kryssar vegen her og frå Eikesdal til Aurdal er det ingen gratis belysning (det er ikkje hus eller andre lyskjelder).
- Knapphuskrysset. Grendelaget meiner det er på høg tid at noko blir sett i gong her. Trafikken aukar stadig og vil auke enda meir når Rogfast blir klart. Når borna kjem heim frå skulen og skal krysse vegen til Knapphusfeltet står bilane langt nedanfor krysset. Det blir dermed mange uoversiktlege situasjonar. Vidare meinar grendelaget at det per i dag ikkje er nokon av krysningane frå Knapphus og over til gangstien som er noko god.
- Badeplass på Stokka. Ein ynskjer først og fremst betre parkeringsmoglegheitar og sanitæranlegg.

4. **Ungdomslaga i Øvre Vats og Nedre Vats.** Status per i dag er at begge ungdomslaga skal ha eit møte for å avgjere vidare drift. Skal ein fortsetta å halde drift i desse eller skal ein avvikle dei? Ungdomslaga sitt på formuar, kva skal eventuelt gjerast med desse? Grendelaget meinar at det på ein eller anna måte må kome ungdomane og bygda til gode. Kva tilbod ynskjer ungdommen? Monica lagar ein spørjeundersøking på facebook.
5. **Fleire tiltak.** Grendelaget ynskjer å fortsetje å arbeide med å få ned fartsgrensa ved skulen ned til ei 50 sone. Det blei diskutert kor vidt det er aktuelt og ynskjeleg med ein fotgjengarovergang i tillegg.
Leiar av valnemnda for 2018, Christine ringjer Liv for å høyre om ho kan ta den rolla.
Vats grendelag er 10 år i år, korleis skal me markera det? Spørsmålet står åpent til neste styremøte.
Det blei fremma forslag om å gi pengene frå blomsterprosjektet til Vindafjord kommune til Vats skule i 2018.
6. **Valnemnd på årsmøtet til Vindafjordhallen.** Monica og Lill Eva går inn i valnemda.
7. **Neste styremøte blir torsdag 19/4 – 18.** Kjem tilbake med tid og stad.